



God sommer!



Utgjeve av Sogndal kyrkjelege fellesråd

Redaktør: Hallgeir Øgaard Westli

Besøksadresse:
Stedjetunet, 2. etasje
Kyrkjevegen 6
6856 Sogndal

Bladpengar, gjerne kr. 400, kan betalast til Sogndal kyrkjelydsblad sin konto 3705.19.42087 eller til Vipps-nr 594582. Merk: «Bladpengar»

Postadresse:
Sogndal kyrkjelydsblad,
Postboks 180, 6851 Sogndal

Telefon kyrkjekontoret:
57 67 99 85
e-post: post.sogndal@kyrkja.no

Heimeside:
www.sogndal.kyrkja.no

Grafisk:
printfarm.no

Kyrkjelydsbladet blir sendt til heimane i alle sokn i Sogndal kommune. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanfor sokna bladet vert distribuert til.

Neste nummer av kyrkjelydsbladet kjem ut i slutten av september. Stoff kan sendast til kyrkjelydsblad.sogndal@kyrkja.no innan 14. august.

Foto på framsida:

Stort bilete:
Tjugum kyrkje. Foto: Jostein Risa

Lite bilete-venstre:
Ungdommar frå Balestrand på misjonstur i Novi Sad, Serbia.
Foto: Magni Åm Risa/John Kugzruk

Lite bilete-høgre:
Foto: Hallgeir Øgaard Westli

For mange står ferietid og dagar utan faste planar for døra. Då tenker eg på starten av bibelverset Salme 46,11: «Hald opp! Kjenn at eg er Gud.» Det kan vere litt voldsomt å få beskjed med ropeteikn! Men om skuleklokka ringer ut siste time før skuleferien, så er det kjærkome, sjølv om ein kvepp litt. Sameleis om mobilen varslar deg: No er det på tide å ta pause, ta kveld, ta helg, ta ferie! Om signalet kjem brått på, er det berre eit teikn på kor nødvendig det er med skikkeleg pause.

Ofte treng me ein slik «ropeteikn-beskjed» for å våge å vere unyttige, og sleppe det ein har i hendene. Ungdomane våre blir av og til kalla «generasjon prestasjon», dei som lever under presset av myten om at dei «kan få til alt, berre dei prøver hardt nok». Eg trur ikkje det er berre ungdomane som kan bli prega av dette; me er mange som prøver å få livet til å glitre så godt me kan. Og det kan vere skikkeleg kjekt å lukkast med det ein driv med! På same tid kan det vera med å slita oss ut. Eller det gir oss lyst til å gøyma dei delane av oss som me ikkje lukkast godt med, for tenk om andre legg merke til det! Fordi me veit at det er slik, så skjønar me også at dette er ikkje noko godt mønster å leva etter.

Eg har snakka med folk som tykkjer at ferie kan vere ei vanskeleg tid. For kven er dei utan alle dei faste rutinane sine, utan å prestere det som arbeid og kvardag krev? Då er freistinga stor til å la ferien bli ein ny arena for å prestera: Eg skal jammen ha noko å fortelje om når ferien er over!

Men «skuleklokka» frå Salme 46, minner oss om at me treng av og

til å berre få vera oss, utan at me skal få til alt mogleg. For nokre er kristentrua eit slikt område i livet, der ein kan få kvile i trua på at Guds nåde og kjærleik er nok. For andre vert også trua eit område der ein ikkje strekk til. «Eg trur ikkje nok, ber ikkje nok, tek det ikkje seriøst nok, er ikkje oppriktig nok...» Då er det alarmen frå Salme 46 går: Hald opp! Ta ein pause frå å tenke på alt du ikkje strekk til med, det er ikkje det som fortel deg kven du er!

Eg trur vi treng ein slik klar beskjed som dette. For til og med når det gjeld bøn til Gud, så kan tanken snika seg inn: Eg skal helst vera nyttig og flink her også. Kanskje er det derfor mange av oss tykkjer det er vanskeleg å be? Fordi det er enklare å vere travel, nyttig og viktig?

Bøna og trua lar seg nemleg ikkje måle etter kor nyttig den er. Bøna og trua er i seg sjølv påminningar om den djupe sanninga: Livet er ei gåve, ikkje eit resultat av hardt arbeid. På same tid minner bøna oss om at Gud er fri til å gi sine gåver til kven Gud vil, uavhengig av innsats. Det kan gjere oss irritert! Men det er vel aller mest eit teikn på at me er blant dei som strevar for å vere gode nok sjølv? Derfor er dette også eit kall til å senke skuldrane, ta imot litt fri og kvile, og ta det innover seg: Det er ikkje ei god karakterbok i livets skule som gir deg verdi. Hald opp! Kjenn at Gud er Gud. Der finn du den kjærleiken som gir deg din verdi. Og nåde som rekk, for Jesu Kristi skuld.

God pause, god sommar!

Kjell Olav Høstaker Nordheim

Prost

HAR DU STOFF OG BILETE TIL KYRKJELYDSBLADET?

Sjå nettsidene våre, www.sogndal.kyrkja.no/kyrkjelydsblad for korleis du kan sende stoff til oss. Der ligg kalendar med dei neste fire stofffristane.

For 2026 er det to utgaver til:

Haust – Frist: 14. August
Jul – Frist: 16. oktober

Ny epost-adresse til kyrkjelydsbladet

Kyrkjelydsbladet har no fått ny epostadresse:
kyrkjelydsblad.sogndal@kyrkja.no

KYRKJELYDSTUREN I ÅR GÅR TIL ORTNEVIK, FREDAG 21.AUGUST

Vi får ein lang og spennande dag til sørsida av Sognefjorden, med avreise frå skystasjonen allereie kl.07.55.

Underveis stansar vi på ulike stader for omvisning, mat og guiding. Etter ferja på Hella tek vi første stogg på Alværa med måltid, før vi tek ferje frå Lavik til Oppedal. Vi vandrar rundt på Villmarksmuseet på Massnes, og deretter kjem vi til Ortnevik og Brekke. Lokale kjentfolk vil guide oss i området, og etter ei lita matøkt tek vi båten frå Ortnevik til Nordeide. På vegen mot Sogndal underheld vi oss i bussen med ulike innslag. Vi tek sikte på å vere attende i Sogndal kl. 19.30. Det vert altså lang dags ferd mot natt – men dette trur vi vert ei fin tur!

Gje melding om du har allergiar i høve mat, eller andre behov. Det er plass til rullator i bussen dersom du har behov for å ta det med. Det vert ikkje lange avstandar å gå på turen, men det vert nokre gonger inn og ut av bussen i løpet av dagen. Ta med eigen sekk med ekstra drikke og det du måtte trenge for turen!

Det er plass til 49 passasjerar på bussen, og påmeldinga skjer fortløpande til kyrkjekontoret: 57 67 99 85. Velkomen på tur!

VI YNSKJER PÅ NYTT Å LEGGJE TIL RETTE FOR SORGGRUPPE

I løpet av seinhausten, oktober/november månad, avhengig av minimum 5 påmeldingar, vil Kyrkja i Sogndal leggje til rette for ei ny sorggruppe. Sorggruppa møtest anten på Stedjetunet eller på kyrkjekontoret. Vi har vanlegvis samlingar kvar 14. dag, kl. 17.30-19.30 (vert tilpassa gruppa). Sorggruppa vert leia av soknediakon Gitte Therkelsen Torstad og Bente Karin Vatlestad, faglærer i Helse og oppvekst. Vi nyttar ein metodisk vegleiar, og tilpassar dette etter behov. Føremålet med



Ortnevik stavkyrkje er ei privat, sjølvbygd stavkyrkje i miniatyr. Foto: Renate Weiler (publisert i Facebook-gruppa «Stavkirker i Norge», gjengitt med tillatelse)

sorggruppa er å leggje til rette for eit fellesskap med andre, der ein får snakke om det ein opplever i sorga. Sorg vert opplevd ulikt, og likevel vil det ofte vere noko som ein kjenner att i andre si erfaring. Når ein deler frå eige liv, er det godt med anerkjenning frå andre som er i liknande situasjon. I ei sorggruppe får ein høve til å fortelje og gjenta frå opplevingane sine, og nettopp i gjentakninga kan ein oppdage noko av det som høyrer til bearbeidinga i sorgprosessen. Støtta og forståinga frå dei andre i gruppa, og opplevinga av å ikkje vere åleine om sorga, er god hjelp vidare på vegen. Dersom du ynskjer å vere med i ei sorggruppe, eller har spørsmål om dette, kan du ta direkte kontakt med soknediakon Gitte Therkelsen Torstad. Tlf. 97 41 65 19 eller epost: gt686@kyrkja.no

VIL DU VERE FRIVILLIG I KYRKJELYDEN, I SOKNET DER DU BUR?

- Er det noko du har lyst å gjere, lage til eller ta ansvar for, som

samsvarer med dine interesser, ressursar og evner, og som du likar godt?

- Har du lyst å vere med i det frivillige arbeidet som allereie er? Til dømes som medliturg (lesar i kyrkja), kyrkjevert, kyrkjekaffvert, medhjelpar i barnearbeidet, korarbeid, samtalegruppe for eldre, arbeid med basar?
- Stedjetunet treng frivillige som til tider kan ta hand om litt ekstra reingjering, stell og pynting.

Ta gjerne kontakt med soknediakonen:

- om du tenkjer at du har lyst å vere med aktivt i kyrkjelyden.
- om du har ein god ide til noko vi kan starte opp med
- om det er noko du saknar av tilbod i kyrkjelyden

Gitte Therkelsen Torstad
Soknediakon



Sæle kyrkje og Tjugum kyrkje fekk i år midlar til forprosjekt gjennom Kirkebevaringsfondet. Foto: Jostein Risa

Nytt frå fellesrådet

Sæle og Tjugum kyrkjer

I skrivande stund har me ute anbod på forprosjekt for vedlikehald av Sæle og Tjugum kyrkjer. Me var heldige å få midlar frå Kyrkjebevaringsfondet til eit slikt forprosjekt, og prosjektet vil kartleggje tilstanden til kyrkjene og kome med framlegg til det vidare vedlikehaldet og istandsetjinga av bygga. Dette gjeld både eksteriør og interiør, og vil danne eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med bygga.

Like eins fekk me også midlar til særskilt forprosjekt i høve restaurering av kyrkjeorgelet i Tjugum. Orgelet vart bygt i 1905. Orgelet stod opphavleg framme ved gallerikanten, men vart flytta bak i samband med

kyrkjeutvidinga i 1940. Flyttinga har vist seg uheldig for orgelet, og ein vil no sjå på moglegheita for å flytte orgelet lengre fram att. Etter meir enn 120 års bruk er orgelet i dag svært slite, men framleis spelbart. Instrumentet er i utgangspunktet av høg kvalitet og stor kulturhistorisk verdi, og det er eit uttalt mål å ta vare på orgelet for framtidig bruk. For å sikre vidare bruk og bevaring er det naudsynt med ei fullstendig restaurering.

Nytt ringeanlegg i Stedje kyrkje

Ringeanlegget i Stedje kyrkje var utdatert og hadde behov for utbetring. Ein har i lengre tid ynskt seg nytt ringeanlegg til kyrkja og dette kom no på plass i vår. No kan ein setje i gang

ringing ved hjelp av mobilen, og ein kan på førehand programmere inn faste tidspunkt for ringing til dømes i høgtidene. Denne typen ringeanlegg har me frå før i Leikanger, Tjugum og Fjærland kyrkjer også, så no har me fire kyrkjer med liknande anlegg. Dette håpar me vil vere til god hjelp, særleg for kyrkjetenar.

Gravplassar

Denne våren har ein også prioritert ein del vedlikehald på gravplassane på Ølmheim og Husabø. Grusgangane på Husabø gravplass og på den nedre delen av gravplassen på Ølmheim var veldig attgrodd med gras. I vår har me fått retta opp i dette, og grusgangane er no reinska og har fått ny grus. På Ølmheim måtte

også eine sida med kantstein mellom grusgangen og gravfeltet flyttast for at rekkemerka til gravfeltet skulle komme på rett side av grusgangen. Det var også problem å få lukka porten ned til gravplassen, og nedstiging frå vegen var bratt og vanskeleg for dei som ikkje er så gode til beins. No er dette retta opp og nedstiging er gjort mindre bratt og porten går det no ann å lukke. Muren frå den øvre del av gravplassen mot bilvegen var i ferd med å sige ut i vegen. Dette er også retta opp. Deler av muren vart plukka ned før den vart mura opp att. All steinen i muren vart nytta opp att, og det er no nærast uråd å sjå kvar muren er reparert.

Bosshandtering

Bosshandteringa på gravplassane våre krev mykje ressursar, og ein vurderer no på nytt å prøve med bossortering. Dette har vore prøvt tidlegare utan så stort hell, men er noko me ynskjer å prøve igjen. Dersom alle hadde vore flinke til å kaste hageavfall og restavfall kvar for seg, kunne ein fått ei mykje betre handtering av bosset frå gravplassane våre. Det hadde vore nyttig både for naturen og for økonomien. Dette er noko me vil sjå nærmare på og finne ei betre løysing på enn den me har i dag.

Lyssetting og hjortegjerde

Prosjektet med flaumllys, grusgangar og port med meir på Leikanger kyrkjegard er også under arbeid. Søknad til verne-styresmaktene er sendt og ein ventar på avgjerd frå dei før ein kan gå i gang med å få realisert prosjektet.

Ein hadde eit ope folkemøte på Kaupanger 18. mars om hjortegjerde ved gravplassen. Etter møtet er det sett ned ei

arbeidsgruppe som skal utgreie alternativ for å halde hjorten vekke frå gravplassen, og ein har frist til 1. september med å få dette på plass. Som ei mellom-bels løysing hadde ein også frist til 1. mai med å få måla stål-stenger og portar i «Riksantikvar-svart», og dette vart gjort innan fristen.

Fleire etterspør også moglegheita til å få lyssett stavkyrkja på Kaupanger slik mange andre kyrkjer - om enn ikkje så mange stavkyrkjer - er. Dette har fellesrådet tidlegare søkt Riksantikvaren om utan å få løyve til, men ein har på nytt spurt om moglegheit for dette no og Riksantikvaren har lova å ta det opp til ny drøfting. Det vil difor bli arbeidd vidare med eit prosjekt for lyssetting av stavkyrkja.

Omvising i Kaupanger stavkyrkje

I mange år hadde me ein avtale med Fortidsminneforeininga om omvising i stavkyrkja, men denne avtalen sa Fortidsminneforeininga opp gjeldande frå sesongen 2025. I 2025 vart

kyrkjestova bygd så då var det vanskeleg med fast avtale om omvising i kyrkja, men Sognefjord Guiding hadde omvising for grupper, og det same hadde Judith Vestreim og Jacob Knagenhjelm. Den første sesongen var litt som ein prøvesesong å rekne. Avtalen med desse gjeld også for inneverande år, og det er no fastsett faste opningstider frå 10.00-15.00 kvar dag frå 1. juli til 10. august med omvisingar kvar heile time i tillegg til gruppeomvisingar.

Toalett ved Leikanger kyrkje

Mange etterspør også korleis det går med saka å få på plass toalett ved Leikanger kyrkje. Dette er ei komplisert sak og me er i dialog med Allstad (tidlegare Opplysningsvesenets fond; OVF) om problemet. Tidlegare var det toalett og bårerom i vedskålen på prestegarden. Alle bygningane på prestegarden er freda, men vedskålen er den einaste bygningen der berre eksteriøret er freda. Det var store problem med fukt og mugg i vedskålen og ein måtte til slutt rive bygget innvendig. Etter den tid har ein



I tillegg til midlar til forprosjekt, fekk også Tjugum kyrkje midlar til særskilt forprosjekt for restaureringa av orgelet. Foto: Hallgeir Øgaard Westli



I Kaupanger arbeider ein vidare med hjortegjerde, og lyssetting av stavkyrkja. Det vert òg omvisning ved Sognefjord Guiding i sommar. Foto: Hallgeir Øgaard Westli

diverre ikkje hatt publikums-toalett å tilby ved Leikanger kyrkje. I november 2022 brann også eldhuset ned. Eldhuset var nabobygget som stod tett opp til vedskålen. Me er kjent med at mange vegrar seg frå å gå i kyrkja sidan det er vanskelege toalettforhold. Dette er eit stort problem og me har eit like stort ynskje om å få på plass att publikumstolett ved kyrkja. Fellesrådet og soknerådet er i dialog med Allstad, men har ikkje per i dag eit svar på kva tid ein kan få på plass att dette. Håpet er framleis at ein skal finne ei løysing som alle partar kan vere tente med.

Konfirmasjon og konfirmantjubileum

I skrivande stund er det

konfirmasjonar som har fokuset her på kyrkjekontoret. Heile 11 konfirmasjonsgudstenester skal haldast og 95 skal bli konfirmerte. Det er eit vakkert vårteikn å sjå alle ungdomane våre i sin finaste stas. I tillegg er det flotte og kjekke ungdomar, som både er god nok og bra nok – som Anita Instefjord syng til dei i nokre av konfirmasjonsgudstenestene.

*Så sjå, du høyrer med!
For du har både vett nok
Mot nok og ro nok
Og du er både bra nok
Sterk nok og god nok
Du er den blomen du skulle vera
Kom med dine draumar,
kom med di tru
For ingen er som du
[tekst: Ingebjørg Bratland]*

I tillegg skal det vere konfirmantjubileum for dei som vart konfirmert for 50 år sidan, og det håpar me blir eit fint møte der fleire kanskje ikkje har treft kvarandre så ofte. Konfirmantjubileum for sokna Stedje, Kaupanger og Ølmheim har felles jubileumsgudsteneste som går i rundgang mellom kyrkjene i desse sokna. I år var det Ølmheim sin tur og gudstenesta vart heldt 7. juni.

Til slutt vil me ynskje dykk ein framleis fin vår og ein god sommar!

Jorunn Merete Haukås-Eide

Kyrkjeverje



Dåp

Velkommen til dåp!

Når eit barn blir bore til dåpen, vert vi minna om at ingen kan bera seg sjølv. Gjennom dåpen vert vi del av eit verdsvidt fellesskap, og samstundes ein del av den lokale kyrkja. Vi vert bundne saman med truande til alle tider.

Dåpen er ei markering der barnet har alle sine viktigaste støttespelarar rundt seg, og der Gud lovar å følgje barnet alle dagar.

Les meir og meld inn dåp på www.sogndal.kyrkja.no/Dåp



DEN NORSKE KYRKJA
Sogndal kyrkjelege fellesråd



Såkorn som spirer

Også i år reiste ein gjeng ungdommar frå Balestrand på misjonstur i vinterferien. Til saman møttest 69 ungdommar frå ulike delar av verda i regi av Ungdom i Oppdrag, med eit felles ønske om å dele den gode budskapen til folk i byen Novi Sad, Serbia.

Sjølv om vi berre var der ei veke, skjedde det mykje og folk i den lokale kyrkjelyden vi samarbeidde med, uttrykte stor takksemd: «Det som oppmuntra oss mest, var deira iver, opne sinn og vilje til å tene på mange ulike måtar. Gjennom gate-evangelisering, ulike kvelds-arrangement, familiesamlingar, matlaging og servering til heim-lause, tid investert i unge menneske, familiebesøk og teneste ved rehabiliteringssenteret såg vi korleis enkel lydnad og genuin kjærleik til menneske kan etterlate seg djupe spor. Vi er takksame for tida de gav og såkorna som vart sådde», oppsummerer pastor Dusan Beredji frå The Protestant Christian Fellowship.

Og vi er svært takksame for og imponerte av gjestfridomen, engasjementet og arbeidet dei lokale kyrkjelydane, EUS (lags-rørsla) og fleire driv på Balkan. For meg var det ekstra kjekt å kome tilbake og sjå fruktene frå tidlegare besøk.

«Takk for sist», smilte eg til ein ung mann eg hugsa att frå ei samling i fjor. Han fortalde meg begeistra at fjorårssamlinga var første gongen han hadde møtt kristne ungdommar. Han hadde troppa opp fordi han var nysgjerrig på «nordmennene», og enda opp med å ta i mot Jesus, og deltok no aktivt både i kyrkjelyden og i skulelagsrørsla.

Petar (44 år) med 20 år som heroin-avhengig vitna om radikale endringar etter fullført avrusings- og bibelprogram ved kyrkjelyden sitt rehabiliteringssenter: «Eg har fått eit nytt liv i Kristus. Mitt gamle liv har ikkje lenger makt over meg, for eg veit kven eg er – eit Guds barn».

Det er utruleg inspirerende å få vere med å sjå alt som spirer fram. Vi kan så og vatne, men Takk til Gud som gjev vekst! (1. Kor 3, 6-7)

Det vert garantert fleire turar for min del! Allereie siste veka i juli reiser eg med eit lite team til Albania og Montenegro. Kanskje du vil vere med neste år? Be Gud vise deg kva

du kan bidra med. Ynskjer du å bidra økonomisk til at fleire kan reise, er det mogeleg å vippse til # 81907 (Fellesrådet – misjonsprosjekt – ungdom).

Er du interessert eller har spørsmål, ikkje nøl med å ta kontakt!



Magni Åm Risa
mobil: 466 97 476

kyrkjelydspedagog og ungdomsdiakon

Magni Åm Risa & John Kugzruk
Foto



Gjengen som reiste frå Balestrand.

Fargerike MINIKONFIRMANTAR

«Kva er det til mat?» «Kan eg spele Jesus?» «Når er eg gamal nok til å reise på misjonstur?» Borna er ivrige, nysgjerrige og direkte. Det er sjeldan kjedeleg i trusoplæringa!

Gjennom Den Norske Kyrkja får alle femteklassingar i landet tilbod om å få sin eigen Bibel. Dette kan markerast på mange måtar og sokna har ulike, spanande opplegg for denne aldersgruppa. Balestrand og andre sokn i Ytre Sogn har satsa på noko vi kallar «Minikonfirmasjon». Gjennom to gudstenester og fire ettermiddagssamlingar utforskar vi emna Dåp, Bibel, Bøn og Nattverd. Dette gjer vi gjennom enkle rollespel, samtale, praktiske oppgåver og å slå opp i Bibelen. Vi lærer oss også nokre songar. Til slutt får dei diplom og ei mappe med stikkord, songar og materiell dei har laga undervegs.

24.- 26. april var 30 minikonfirmantar frå Balestrand, Høyanger, Ortnevik, Lavik og Hyllestad samla til leir på Alværa misjonssenter. Her vart det både moro og alvor,

leik og læring. Vi fokuserte særleg på påske og misjon gjennom påskevandring, kreative påkestasjonar, misjonsreise og misjonstivoli. I tillegg til vaksenleiarar og foreldre deltok fem konfirmantar som ungdomsleiarar. Dei fekk god kok i salen på dei to leirkveldane. På avslutningsgudstenesta deltok borna med dramatisering, lesingar og bønner. Dei viste også fram sjølvproduserte kunstverk.

Det var ein gjeng nøgde og trøytte born som forlèt Alværa med gode minne, nye vener og fjeset fullt av sjokoladecake søndag.

Magni Åm Risa
Tekst og foto





Innsamling til restaurering av orgelet i Tjugum kyrkje



Olsen & Jørgensen-orgelet frå 1905 i Tjugum kyrkje treng omfattande restaurering. Vi er no i gang med å samle inn pengar slik at orgelet kan bli restaurert.

Sjå www.sogndal.kyrkja.no/tjugum-orgel for informasjon om korleis du kan bidra til at orgelet vert restaurert.

 **DEN NORSKE KYRKJA**
Balestrand sokneråd



No kan du bli Orgelpipefadder i Tjugum!

I mars fekk vi den gledelege beskjeden om at både Tjugum og Sæle kyrkjer fekk midlar frå Kyrkjebevaringsfondet. Dette gjer at vi kan gå i gang med naudsynte forprosjekt i begge kyrkjene.



Orgelpiper søker fadrar! Bli orgelpipefadder for å støtte restaureringa av orgelet i Tjugum kyrkje.

For orgelet i Tjugum fekk vi òg midlar til gjennomføring av eit særskilt forprosjekt, som ein i skrivande stund er komen godt i gang med. Midlane gjer at vi er komen eit viktig steg nærare ei faktisk restaurering av orgelet – sjølv om det endå er eit godt stykke igjen til orgelet vert restaurert.

Vi håpar at vi i neste runde også kan få midlar til gjennomføring av sjølve restaureringa, men sjølv om vi skulle få midlar derifrå til restaureringa, så krevs det og innsamling lokalt.

Orgelkomiteen i Balestrand har jobba godt med fleire innsamlingsprosjekt, med til dømes sal av «Orgelbrus» før jul. No kan du og

bli «Orgelpipefadder»: Når ein vert «Orgelpipefadder», får ein ikkje sjølve orgelpipa som står i orgelet, men ein vert fadder til ei spesifikk orgelpipe i orgelet. I tillegg får ein eit diplom som syner kva for ei orgelpipe ein vert fadder til.

«Orgelpipefadder» vart lansert i samband med gudstenesta i Tjugum kyrkje på Pinsedag, og det er allereie 48 orgelpiper som har fått sine fadrar, av 540 orgelpiper.

På nettsida vår, www.sogndal.kyrkja/pipefadder, kan du registrere deg som orgelpipefadder. Det kostar kr. 400,- pr orgelpipe, og ein kan kjøpe ei eller fleire orgelpiper ein akkord eller ei heil stemme om ein har lyst til det.

Vi takkar dei som allereie har meldt seg på som Orgelpipefadder, og ynskjer nye fadrar velkommen til å støtte restaureringa av orgelet i Tjugum kyrkje.

Hallgeir Øgaard Westli
Tekst og foto



Det er 540 orgelpiper fordelt på 11 stemmer i orgelet i Tjugum. Desse vert betjent med tangentane og uttrekk på kvar side av organisten.



Barnas

Finn 5 feil

Desse to bilde er nesten heilt like. Greier du å finne 5 feil på bildet under?



Teikning: Aleksei Bitskof




Labyrint



Teikningar:
Chiara Bertelli

Filip fortalde om Jesus til mange som han møtte. Ein av dei han møtte var ein etiopisk hoffmann. Hjelp Filip med å finne vegen.



Ordsøk

I rutenettet gøymmer det seg 10 land. Leit bortover og nedover. Greier du å finne alle?


S	V	D	E	Y	L	F	B	Z	E
V	Z	A	V	K	F	R	E	P	T
E	N	N	X	C	I	A	L	K	Y
I	D	M	L	N	N	N	G	I	S
T	Z	A	K	O	L	K	I	T	K
S	I	R	L	R	A	R	A	A	L
V	N	K	U	G	N	I	K	L	A
Q	L	D	T	E	D	K	C	I	N
S	V	E	R	I	G	E	P	A	D
Y	P	S	E	N	G	L	A	N	D



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Vitsar:

- Hunden min har ingen nase.
- Korleis luktar han, då?
- Forferdeleg.

Kva for ein hage skal ikkje vatnast? Barnehagen!



Kyrkjeleg undervisning og læring sommar/haust 2026

Fjærland, Kaupanger, Leikanger, Norum og Stedje sokn.

Babysong for 0-åringar.

Kaupanger bedehus og Stedjetunet har babysong annakvar onsdag, medan Leikanger kyrkjelydshus har babysong annakvar torsdag. Alle kl.11-12.30.

Stedje startar 9. september, Leikanger startar 10. september og Kaupanger startar opp 16. september. Meir informasjon på nettsida og Facebookgruppa Babysang i Sogndal.



Foto: Bo Mæthisen/Dnk

Småtrolltrall for 1-3-åringar.

Me møtest kvar tredje torsdag på Stedjetunet kl. 17.15 til 18.15 for song, regler, leik, kjeks og frukt. Ta gjerne med familien. Datoane ligg på heimesida og i Kva skjer-appen. Oppmodar deltakarar til å bli med i SPOND-gruppa vår (søk opp Småtrolltrall på nettsida vår for meir info). Oppstart hausten 26 er 27.august.



Foto: Birte Husum

6-åringane:

Skulestartgudstenester:

- Stedje kyrkje: 16. aug. kl.11.00
- Leikanger kyrkje: 16. aug. kl.17.00
- Kaupanger kyrkje: 23. aug. kl. 11.00. Med konfirmantpresentasjon.
- **Norum sokn** hadde utdeling før påske, og Fjærland sokn hadde utdeling på blomstergudstenesta 14. juni. Om du ikkje fekk kome på påskefest for alle, kan du nytte høvet til å få boka på hausttakkefesten i staden, eller kome innom kyrkjekontoret for å hente.

4-åringane: Utdeling på hausttakkefestane:

- Stedje kyrkje: 27. sept. kl. 11.00
- Ølmheim kyrkje: 27. sept. kl.11.00
- Fjærland kyrkje 27. sept kl. 17.00
- Kaupanger stavkyrkje 27. sept kl. 17.00
- Leikanger kyrkje: 4. okt. kl. 11.00

10-11 år: LYS VAKEN med kyrkjekino og pizzafest i november.

Meir info kjem på nettsida.



Utdeling til 11-åringane: Teikneseriebibelen.

Me har hatt utdeling av denne boka med bibelforteljingar i teikneserieformat i vinter. Fekk du ikkje vore i kyrkja, kan du hente boka di på kyrkjekontoret.



LIKAR DU Å SYNGE? Bli med i kor!

Barnekoret passar for deg som går i 4.-7. klasse, og som er glad i musikk. Me øver annakvar torsdag, i oddetallsveker, på Stedjetunet. Første øving i haust vert torsdag 27. august. Sjå øvingsplan og meir info på heimesida; www.sogndal.kyrkja.no/barnekor. Kontaktperson: kantor Hallgeir Øgaard Westli, telefon: 94 00 38 34.



VIL DU SOM VAKSEN BIDRA MED NOKO I TRUSOPPLÆRINGA?

Konkrete ting du kan gjere:

- Bake bollar.
- Vere tilstades som ein trygg voksen person.
- Leie samlingar eller grupper. Til dømes søndagsskule, samtalegruppe for tweens, konfirmantar eller eldre ungdommar.
- Komme med gode idèar på ting me kan gjere for barn og unge i kyrkjelydane våre.
- Bidra praktisk på babysong, småtrolltrall, engleverkstad, tårnagent, lys vaken eller anna.

Det er eit givande og fint arbeid, og me ynskjer at fleire kan få ta del i denne delen av å vere kyrkje i Guds rike.

Gje ein lyd til leiar i trusopplæringa, Birte Husum, om du har lyst til å vere med, eller har spørsmål når det gjeld trusopplæringa i Fjærland, Kaupanger, Norum, Leikanger eller Stedje sokn.

Tlf. 947 98 799 eller e-post: birte.husum@sogndal.kyrkja.no

For meir informasjon om ulike tiltak innan kyrkjeleg undervisning og læring i kyrkjene våre, sjå www.sogndal.kyrkja.no/TOL.

Du finn oss og på Facebook: Kyrkja i Sogndal og Trusopplæring – Kyrkja i Sogndal.

Kyrkjeleg undervisning og læring sommar/haust 2026

Balestrand sokn

Nestenåring (5.-8. klasse)

Klubbkveld på Bedehuset kl 18-20 desse fredagane i haust: 28. august, 25. september, 23. oktober og 20.



november. På opningssamlinga, 28. august, er 5. klassingane særskilt inviterte, og dei får Teikneseriebibelen i gåve.

SommerTreff Sygna (13-16 år) 22.-26. juni

Går du på ungdomsskulen eller i 7. klasse? Då er du hjarteleg velkommen på Sommertreff i Balestrand. Dette er ein leir med god undervisning og mange kjekke aktivitetar. For meir informasjon og påmelding: sygna.no/meny/sommertreff. Har du spørsmål, kontakt Marta: mleodo@nlm.no




Babysong (0-2 år):

Vi møtest på Helsestasjonen kl. 11 ein måndag i månaden. Første samling i haust er 31. august. Ta kontakt med kyrkjelyds-pedagogen om du er interessert i å vere med på Babysong i Balestrand.



Alle 4- og 6- åringar, sjå her!

De er inviterte til ei kjekk samling i Kyrkjestova kl 17 torsdag 20. august og til gudsteneste i Tjugum søndag 23. august kl 11 saman med heile familien. Der får de kvar dykkar fine bibelbok. Alle som er fødte i 2020 eller 2022 er hjarteleg velkomne!



KRISTNE TILBOD FOR UNGDOM I BALESTRAND

Samtalegruppe for ungdomsskulen **annakvar tysdag kl. 19.30-21.30** heime hos familien Risa i Fjærestad 42. Første samling er 18. august! Kom og bli med! Vi et, pratar og blir betre kjent med kvarandre og kva som står i Bibelen.



KRIK (14-20 år) kl. 16.30-18 på bana eller i Belehalli **kvar fredag.**

Kveldsmøte i møtesalen på Sygna vgs **kl. 20 kvar torsdag.**

Kontakt

Har du spørsmål eller innspel til trusopplæringstiltaka i Balestrand, ta kontakt med kyrkjelydspedagog

Magni Åm Risa
466 97 476
mr368@kyrkja.no

Tid for tru
Kva vil det seie å tru?

Velkommen til ny runde med Tid for tru. Gjennom tre onsdagskveldar vil vi ha fokus på kva det betyr å ha ei tru, og kva vi gjer med den.

Onsdag 21/10: Kva byggjer vi livet på?
Onsdag 4/11: Kva trur vi på?
Onsdag 18/11: Kva gjer vi når vi trur?

Samlingane blir på Bedehuset kl 19.30-21.15. Vi starter med kveldsmat i lag (40,-) Dorottor blir dot undervisning v/ Kjell Notland og Gunn Berit Bothun. Samtale rundt borda etterpå

For meir informasjon om ulike tiltak innan kyrkjeleg undervisning og læring i kyrkjene våre, sjå www.sogndal.kyrkja.no/TOL.

Du finn oss og på Facebook: Kyrkja i Sogndal og Trusopplæring – Kyrkja i Sogndal.

Støttespelarane våre:



www.lerum.no



Printfarm

TRYKK DU BLIR GLAD I.

post@printfarm.no www.printfarm.no



Fossetunet 1 | 6856 Sogndal
Tlf: 57 67 65 40 | skjeldestad@kontorspar.no
www.kontorspar.no

alliance*

—
OPTIKK

Sogn Synssenter

Eit variert utval i alle prisklassar av innfatningar, brilleglas, kontaktlinser solbriller, kikkertar og lupar.

Tlf: 57 67 50 50

Lokale til leige



Stedjetunet har lokale til leige til minnesamvær, dåpsselskap, konfirmasjon, bryllup og andre tilstelningar.

For informasjon om prisar, sjå www.stedjetunet.no



Optiker

Kjell M. Talleraas

6856 Sogndal • tlf. 57 67 11 10 • optikaren.no

HOLLEKVE SAG
LIFTUTLEIGE

901 16 783

ncom

OFFENTLEG GODKJENT
REINGJERINGSFIRMA
www.ncomsogn.no



Byggmester

Ingmar Stenehjem

mob. 90 58 10 21 • tlf. 57 67 29 52
www.stenehjembygg.no

AMFI
SØGNINGEN



AMFI Mykje å gle seg til. Alltid.



NORDBOHUS SOGN
www.nordbohus.no/sogn



HOLEN INSTALLASJON AS

SOGNDAL • GAUPNE • LEIKANGER • VIK
www.holen-installasjon.no • Tlf. 57 67 75 00 • post@holen-installasjon.no



LINDBAK

SOGN OG FJORDANE

Telefon 57 67 66 99



solberg
el-service

Støttespelarane våre:

Sogn
gravferdshjelp

GRAVSTEIN

Me kan hjelpe med skriffornyning, oppretting og rens av gravsteinar, på alle gravplassar i Indre Sogn.

57 68 14 77 • www.sogngravferdshjelp.no • post@sogngravferdshjelp.no

**EILERT & EDVIN
HOLME AS**



Telefon: 57 67 18 85

Opplæring klasse
A1-A-B-BE-T-M146

Trafikalt grunnkurs

E-post:
post@hofslundsengen-trafikkskule.no

VestlandsHus
TRYGGE HJEM

**ALT INNAN TØMRAR
OG BETONGARBEID**
KONTAKT OSS FOR TILBOD!

VestlandsHus
VestlandsHus Sogn AS • Tlf 57 67 33 88

EL-PROFFEN
JOSVANGER

Din lokale elektrikar

post@josvanger.no 48 08 37 00 www.josvanger.no

RØYRLEGGJAR

ingmar fimreite as
6856 Sogndal Tlf. 57 67 45 21 • mob. 905 00 331
www.fimreite.as

THARASO AS



**SOGN
KJØLESERVICE**

57 67 11 11

sognkulde.no

dyreklinikken
- Sogndal AS

**Tenk deg ein kvardag
utan tilgang til reint vatn.**

Dette er røynda for 800 millionar menneske. Støtt arbeidet vårt for reint vatn til dei som verkeleg treng det.

VIPPS til 2426



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

KIWI mini pris

KIWI Hermannsverk
08-22 (20)

**TRENG DU
NOKON Å FORTELJE
DET TIL?**

**KIRKENS
SOS**

22 40 00 40

Ætti i glede og sorg



Sjå sogndal.kyrkja.no for påmelding til dåp eller ta kontakt med kyrkjekontoret om moglege datoar for dåp og vigsel. Telefon 57 67 99 85

DØYPTE

KAUPANGER

03.04.2026 Matias Sandvik Nondal

LEIKANGER

22.03.2026 Åse Siem Volldal (busett i Molde)
05.04.2026 Herman Volldal Hamre (busett på Nesttun)
26.04.2026 Matteo Rock

FJÆRLAND

06.04.2026 Birk Husabø Gram (busett i Førde)

STEDJE

01.03.2026 Kaia Bakken
15.03.2026 Sara Stokkenes
15.03.2026 Sigurd Bang
15.03.2026 Mia Bloch Helmers Hofslundsengen
15.03.2026 Ellen Gjengstø Hustveit (busett i Førde)
05.04.2026 Even Frøyland
05.04.2026 Live Teigen Bygnes (busett i Bergen)

NORUM

02.04.2026 Sofie Hove Nornes
12.04.2026 Andrea England Berqvam

BALESTRAND

19.04.2026 Isak Sande Akse

VIGDE

STEDJE

28.02.2026 Kari Oddrun Lidal og Ove Elnar Lereim
28.03.2026 Anne Karin Bakke Eriksen og Jan Sigmund Akselvoll

GRAVLAGDE

BALESTRAND – SÆLE

10.12.2025 Olav Linde* f.1933
24.04.2026 Lars Trygve Sæle f.1966

*bisett i Østre Aker kirke 10.12.2025, urna sett ned på Sæle kyrkjegard 30.04.2026

BALESTRAND-TJUGUM

11.03.2026 Borgny Ingeborg Romøren f.1941
28.04.2026 Atle Instebø f.1937

FJÆRLAND

13.02.2026 Målfrid Mundal f.1936
28.04.2026 Anna Skarestad f.1926

KAUPANGER

11.03.2026 Olav Ålsberg* f.1939
14.04.2026 Ingvald Nybø f.1932

* Gravferd i Stedje kyrkje, kista sett ned på Kaupanger kyrkjegard

LEIKANGER

20.03.2026 Solveig Tangsbøen Nilsen f.1931
24.03.2026 Ingebjørg Fosse f.1940
16.04.2026 Britt Sigrid Svedal f.1954
16.04.2026 Anna Gjerde Husum f.1940
17.04.2026 Gunnhild Solveig Hellen f.1935
13.05.2026 Jenny Rinde f.1925
13.05.2026 Endre Gjerde f.1944

NORUM – ØLMHEIM

17.04.2026 Norvald Fimreite f.1935

STEDJE

06.02.2026 Kirsten Sigrun Uglum f.1939
20.02.2026 Norman Magne Nes f.1943
24.02.2026 Svein Arnor Holen f.1947
26.02.2026 Karstein Ylvisaker f.1947
27.02.2026 Bent Pedersen f.1956
05.03.2026 Olav Sigfred Kvam f.1941
11.03.2026 Olav Ålsberg* f.1939
13.03.2026 Gerd Kirsten Løseth (Bisetjing) f.1939
10.04.2026 Liv Solbraa Kristiansen (Bisetjing) f.1949
10.04.2026 Arne Jon Barlinn (Bisetjing) f.1934
14.04.2026 Leif Hofslund f.1938
30.04.2026 Gerd Kari Kvam Nes f.1944
13.05.2026 Amanda Rosella Pedersen (Bisetjing) f.1930

* Kista sett ned på Kaupanger kyrkjegard

Takk for gåva!

Styret i Fjærland bedehus vil takke for minnegåvene som vert gjevne i samband med Målfrid Mundal si gravferd 13. februar.

ORGELKONSERT VED INGER-LISE ULSRUD – STEDJE KYRKJE, 27. SEPTEMBER

Søndag 27. september kl. 19.00 vert det orgelkonsert i Stedje kyrkje ved Inger-Lise Ulsrud.

Inger-Lise er til dagleg kantor i Uranienborg kirke i Oslo, samt professor i orgel og orgel-improvisasjon ved Norges Musikkhøgskole. Ho har ei omfattande konserverksemd i Russland og store deler av Europa, og gir jamnleg meisterklasser i inn- og utland.

Ho har medverka ved ei rekkje CD-innspelningar, og gjeve ut solo-CDar, mellom anna Olivier Messiaen: Early organ works og Kjell Mørk Karlsen: Meditatio.

Ho har vore leiar av kyrkjemusikkavdelinga ved Norges musikkhøgskole i ei årrekke, og i tillegg hatt ei rekkje verv som medlem av Koralbokkomiteen i samband med utgjevinga av Norsk Salmebok 2013. Ho har vore jurymedlem ved Kungliga Musikaliska Akademien, styremedlem i Oslo Internasjonale Kirkemusikkfestival og i Oslo orgelfestival. Ho vert jamnleg nytta som jurymedlem ved internasjonale orgelkonkurranser.

I orgelkonserten i Stedje vil ho fremføre musikk som spenner frå Carl Phillip Emmanuel Bach frå 1700-talet, til ny norsk musikk skriven av Mathias Kråkenes (fødd 1998). I tillegg vert det òg improvisasjon.

Billetter kostar kr. 200,- og kan kjøpast på www.sognkulturfest.no



ORGELKONSERT VED HALLGEIR ØGAARD WESTLI – STEDJE KYRKJE, 5. AUGUST

Onsdag 5. august kl. 18.00 vert det orgelkonsert i Stedje kyrkje ved Hallgeir Øgaard Westli, kantor i Leikanger og Fjærland.

På programmet står musikk av Johann Sebastian Bach, Herbert Howells og Felix Alexandre Guilmant.

Konserten er gratis, men det vert høve til å gje ei kollektgåve til flygelet i Stedje kyrkje.

KYRKJELYDSTUR TIL ORTNEVIK

Fredag 21. august vert du invitert med på kyrkjelydstur til sørsida av Sognefjorden, der ein mellom anna tar ein tur innom stavkyrkja i Ortnevik.

Les meir på side 3, og på nettsidene våre www.sogndal.kyrkja.no.

Påmelding skjer fortløpande til kyrkjekontoret: tlf. 57 67 99 85.

BASAR FOR KYRKJELYDSHYTTA OG STEDJETUNET

I haust er det tid for to basarar som er verdt å merka seg:

Onsdag 16. september vert det basar for Kyrkjelydshytta.

Onsdag 30. september kl. 17-20 vert det basar for Stedjetunet.

Begge basarane vert på Stedjetunet. Følg med på nettsidene våre for meir informasjon om tidspunkt og innhald.

Velkommen til gudsteneste

Med atterhald om endringar. Følg med på nettsidene våre sogndal.kyrkja.no, på sosiale medium (Kyrkja i Sogndal) eller i Sogn avis for meir informasjon om kvar einskild gudsteneste.

JUNI

21. JUNI

Stedje kyrkje kl. 11.00: Misjonsgudsteneste
Sæle kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

28. JUNI

Leikanger kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

JULI

5. JULI

Kaupanger stavkyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

12. JULI

Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

19. JULI

Jordal, Fjærland kl. 11.00: Friluftsgudsteneste

26. JULI

Leikanger kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Kvamsøy kyrkje kl. 12.00: Olsokgudsteneste
Båtskyss frå Kvamsøy kai går kontinuerleg frå kl.11.00, kr. 60 t/r over 16 år. Ikkje oppvarming i kyrkja. Medbrakt kyrkjekaffi.

29. JULI

Kaupanger stavkyrkje kl. 19.30: Olsokgudsteneste

AUGUST

2. AUGUST

Fimreite kl. 11.00: Friluftsgudsteneste
St. Olafs kyrkje kl. 11.30: Gudsteneste med dåp

9. AUGUST

Kyrkjelydshytta i Sogndalsdalen kl. 11.00: Friluftsgudsteneste
Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

16. AUGUST

Stedje kyrkje kl. 11.00: Skulestartsgudsteneste
Leikanger kyrkje kl. 17.00: Skulestartsgudsteneste

23. AUGUST

Kaupanger stavkyrkje kl. 11.00: Skulestartsgudsteneste med konfirmantpresentasjon
Fjærland kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon
Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste med utdeling av 4- og 6-årsbok og konfirmantpresentasjon
Stedje kyrkje kl. 19.00: Kveldsgudsteneste

30. AUGUST

Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste med innsetjing av ny ungdomsprest

SEPTEMBER

6. SEPTEMBER

Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon
Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Ølmheim kyrkje kl. 17.00: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon
Leikanger kyrkje kl. 19.00: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon
Kaupanger stavkyrkje kl. 19.00: Kveldsgudsteneste

13. SEPTEMBER

Leikanger kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

Stille kveld i Stedje kyrkje onsdagar frå kl. 19.00 – 20.00: Onsdag 9. september, onsdag 14. oktober, onsdag 11. november, onsdag 9. desember.